

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 22.11.2016
SAKSHANDSAMAR: Synnøve Teigeland m.fleire
SAKA GJELD: **Rapportering frå verksemda per oktober 2016**

ARKIVSAK: 2016/2690
STYRESAK: 129/16

STYREMØTE: 07.12. 2016

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. oktober 2016 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per oktober 2016 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 61 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 52 dagar. Ventande pasientar utan prioritet finn ein no berre innan somatikken. Totalt var 0,5 prosent av dei som framleis venta ved utgangen av september pasientar utan prioritet (ned frå 0,7 % ved utgangen av september).

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn per oktober 2015 for poliklinisk behandling, og på eit litt lågare nivå for innlagde døgnpasientar. Talet genererte DRG-poeng er 0,6 % høgare enn i 2015. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for barn syner ein svak vekst i talet genererte liggedøgn, og eit litt høgare poliklinisk aktivitetsnivå enn i 2015. Innan psykisk helsevern for vaksne er det vekst i talet utskrivne og høgare poliklinisk aktivitet.

Prosentdelen fristbrot for behandla var 1,8 % i oktober 2016. Når det gjeld korridorpasientar har utviklinga vore positiv i sommar og haust, og dei samla tala for oktober 2016 er nok ein gang dei lågaste som er målt. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen held seg og framleis på eit rimeleg lågt nivå, men steig litt siste månad. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 82 % både innan somatikken og innan psykisk helsevern i oktober 2016.

Per oktober 2016 var det samla sjukefråværet på 6,7 % og sjukemeldt fråvær på 5,6 %. Per oktober 2015 var det samla sjukefråværet på 7,0 % og sjukemeldt fråvær på 5,7 %. Samla sjukefråvær er 0,3 % lågare for oktober 2016 enn for oktober 2015. Det er mindre sjukefråværsdagar og moglege dagsverk i oktober 2016 enn oktober 2015. Relativt sett er det likevel ein god utvikling i sjukefråværet frå oktober 2015 til oktober 2016. Per oktober 2016 hadde 62,34 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 63,62 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Sidan desember 2010 har 6 139 medarbeidarar fått høgare stillingsprosent i Helse Vest. Samanlikna med desember 2010 har 4 021 fleire medarbeidarar fått 100 % stilling og 2 118 har fått høgare stillingsprosent. Ved utgangen av oktober 2016 er den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten 89,48 %.

Det økonomiske resultatet i oktober er kr 0,7 mill., som er kr 33,4 mill. lågare enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 601,4 mill. som er kr 103,9 mill. betre enn budsjettert. Føretaksgruppa leverer ei samla prognose som er kr 321 mill. høgare enn resultatkravet.

Helse Stavanger har eit akkumulert budsjettavvik på tilnærma kr 63 mill. og eit faktisk resultat etter oktober månad på 3,6 mill. kr. Det er også negativt budsjettavvik i oktober. Helse Stavanger fortsetter sitt arbeid med å implementere nye tiltak og følge opp eksisterande tiltak for å redusere budsjettavviket. Det blir vist til kapittel 6.3 omstilling for nærare omtale av tiltaka.

Helse Førde har dei siste månadane hatt ei negativ resultatutvikling. I oktober har føretaket eit budsjettavvik på kr 5,1 mill. Hittil utgjør akkumulert budsjettavvik kr 19,2 mill. Hovudårsaka til avviket er lågare aktivitet enn budsjettert. For å sikre ei positiv resultatutvikling er det viktig at føretaket tar nødvendige grep for å tilpasse verksemda i tråd med gjeldande aktivitetsnivå.

Samla investeringar per oktober er på kr 1,326 mrd. Dette utgjør om lag 78,2 % av budsjettert investeringsnivå i 2016. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. oktober 2016.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

Aktivitetstal frå det regionale datavarehuset blir nytta til å rapportere aktivitetsutviklinga. Biletet under syner aktivitetsutviklinga siste månad, akkumulert aktivitet hittil i år og akkumulert aktivitet hittil i år samanlikna med same periode førre år. Aktiviteten per oktober 2016 og aktiviteten per oktober 2015 er samanlikna i tabellen under. Aktivitetstala per oktober 2016 er noko påverka av sjukehusstreiken.

	Denne periode (okt. 16)	Resultat hittil i år (per okt. 16)			
	Faktisk	Faktisk	Hittil i fjor	Endring frå i fjor	Endring fra i fjor %
Somatikk					
Sjukehusopphald, døgn	14 297	146 794	147 897	-1 103	-0,7 %
Sjukehusopphald, dag	5 797	58 362	61 645	-3 283	-5,3 %
Polikliniske konsultasjonar	84 703	833 753	812 599	21 154	2,6 %
Sum DRG-poeng	21 932	229 024	227 690	1 334	0,6 %
DRG-poeng H-resept	344	7 961	8 321	-360	-4,3 %
BUP					
Sjukehusopphald, døgn	76	622	627	-5	-0,8 %
Polikliniske konsultasjonar	13 274	122 835	122 173	662	0,5 %
Sum liggedøgn	1 154	10 348	10 305	43	0,4 %
PHV					
Sjukehusopphald, døgn	789	7 948	7 684	264	3,4 %
Polikliniske konsultasjonar	19 973	188 003	185 828	2 175	1,2 %
Sum liggedøgn	16 968	171 937	177 999	-6 062	-3,4 %

Somatikk

Dei absolutte tala syner at det per utgangen av oktober 2016 totalt var generert om lag 229 000 DRG-poeng (inklusive H-resept) ved dei fire helseføretaka, noko som er 0,6 prosent høgare enn til same tid i 2015. Per oktober 2016 har Helse Førde og Helse Stavanger ein noko lågare DRG-produksjon samanlikna med førre år, medan dei to andre helseføretaka ligg høgare. Genererte DRG-poeng knytt til H-resept er 4,3 prosent lågare enn til same tid i fjor.

Talet døgnopphald per oktober 2016 var om lag 146 800, medan talet dagopphald var 58 400. For døgnopphald er aktivitetsnivået litt lågare enn per oktober 2015 (-0,7 %), medan aktiviteten er 5,3 % lågare målt for dagopphalda. Berre Helse Fonna har hatt ein høgare dagaktivitet, medan særleg Helse Førde har ein lågare døgnaktivitet samanlikna med 2015. Dei tre andre helseføretaka har ein låg vekst innan døgnbehandlinga (under 1%).

Talet polikliniske konsultasjonar per oktober 2016 var om lag 833 800, noko som er 2,6 % høgare enn per oktober 2015. Alle dei fire helseføretaka har ein prosentvis vekst i den polikliniske aktiviteten til no i 2016, samanlikna med same tidspunkt i 2015. Størst prosentvis vekst finn ein i Helse Fonna.

Psykisk helsevern for barn og unge

Talet avslutta døgnopphald per utgangen av oktober 2016 var 622, noko som berre er 5 færre enn tilsvarande tal i 2015. I den same perioden var det generert 10 348 liggjedøgn, noko som er 43 fleire enn per oktober 2015.

Ser ein på den polikliniske aktiviteten innan psykisk helsevern for barn og unge så syner dei registrerte tala at det er generert nær 122 800 konsultasjonar per oktober 2016. Dette er 662 fleire enn til same tid i 2015, noko som gir ei auke på 0,5 %. Ser ein på utviklinga på helseføretaksnivå finn ein at både Helse Bergen og særleg Helse Stavanger har hatt vekst samanlikna med førre året.

Psykisk helsevern for vaksne


Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne var 3,4 % høgare enn i 2015, målt i talet på avslutta døgnopphald. Per oktober 2016 var det generert om lag 8 000 døgnopphald. Alle dei fire helseføretaka har generert fleire avslutta døgnopphald til no, enn til same tid i fjor. I same periode vart det generert 172 000 liggjedøgn, noko som er om lag 6 100 færre enn i 2015. Berre Helse Førde har generert prosentvis fleire liggjedøgn enn per oktober 2015.

Per oktober 2016 var det generert 188 000 polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for vaksne ved helseføretaka i regionen. I oktober 2015 var det tilsvarande talet rundt 185 800 konsultasjonar, noko som gir eit aktivitetsnivå som er 1,2 % høgare til no i 2016. Per utgangen av oktober 2016 hadde både Helse Stavanger, Helse Førde og Helse Fonna høgare poliklinisk aktivitet enn i 2015.

2. Ventetidsutvikling

Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i oktober 2016 var på 61 dagar, 60 dagar for prioriterte og 443 dagar for pasientar utan prioritet. Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretak for alle pasientar som har starta behandling.


Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Utviklinga i 2016 har vore god, der både Bergen, Fonna og Førde har levert betre enn kravet frå HOD gjennom heile året. Samla leverer og føretaksgruppa under kravet frå HOD gjennom heile perioden, og vesentleg betre enn for same periode i 2015. Helse Stavanger har levert over den nasjonale målsettinga om 65 dagar i gjennomsnittleg ventetid for pasientar som har starta behandling. Av tiltak i Helse Stavanger kan det nemnast at poliklinikkane er i ferd med å implementere endringar med optimal ressursutnytting og lengre planleggingshorisont i tråd med prosjektet "Alle møter". Innan fagområde med tydelige kapasitets utfordringar er det dialog med Helse Vest RHF om kjøp av tenester hos private tilbydarar og eventuelt oppretting av nye avtalepraksisar der det blir vurdert som hensiktsmessig. For fagområde med lange ventetider og/eller fristbrot vurderer ein fortløpande moglegheiter og behov for ekstrapoliklinikk.

Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av oktober 2016 var 52 dagar, fordelt på 50 dagar for prioriterte og 472 dagar for ventande utan prioritet. 0,5 prosent av dei ventande ved utgangen av månaden var utan prioritet (nedgang frå september då talet var 0,7 %). Figuren under viser samla ventetid for alle ventande fordelt per helseføretak.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 53 dagar ved utgangen av a oktober. For pasientar med prioritet var ventetida 51 dagar, og for pasientar utan prioritet 476 dagar. 0,5 prosent av dei ventande var utan prioritet (nedgang frå 0,7 % i september). I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetid for ventande vist per føretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i oktober 2016, så var dei 61 dagar for prioriterte og 443 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 62 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 25 dagar, medan det ikkje var ventande utan prioritet ved utgangen av oktober. Samla ventetid for alle som venta på behandling var difor 25 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i oktober 2016 var 42 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 42 dagar, medan det ikkje var ventande utan prioritet innan BUP. Dette er framleis for høgt i forhold til målsettinga, men utviklinga går no i rett retning. Ser ein på gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar, vil ein forvente at gjennomsnittleg ventetid for behandla skal gå ytterlegare ned. Det er berre Helse Førde som leverar i hht målsetting gjennom 2016.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak - BUP



Psykisk helsevern for vaksne

Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 30 dagar ved utgangen av oktober 2016. Ventetida for ventande med prioritet var 30 dagar, medan det ikkje var ventande utan prioritet ved utgangen av oktober (mot 1 ventande i september).


Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandlinga i oktober 2016 var den samla gjennomsnittlege ventetida 38 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 38 dagar, medan berre ein pasient utan prioritet starta behandling i oktober. I oktober var alle dei fire føretaka under målsettinga om 45 dagar i gjennomsnittlege ventetid.

I Helse Stavanger er det sett i gang tiltak på alle DPS-a for å auke kapasiteten, og i størst mogleg grad gi tilbod til dei som har venta lengst.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne




Tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblem (TSB)

Då dei private avtalespesialistane utgjer ein stor del av tilbodet i helseregionen blir det nytta månadlege tal frå Helsedirektoratet avd. NPR i denne rapporteringa. Det regionale datavarehuset i Helse Vest inneheld ikkje data frå dei private avtaleinstitusjonane.


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan TSB var 35 dagar ved utgangen av oktober 2016. Ventetida for ventande med prioritet var 35 dagar. Det var ikkje registrert ventande utan prioritet ved utgangen av oktober 2016. Registreringspraksis hos enkelte av dei private tilbydarar har betra seg, men utviklinga blir følgt.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – TSB



For pasientar som starta behandlinga i oktober 2016 var den samla gjennomsnittlege ventetida 44 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 44 dagar, medan det ikkje var pasientar utan prioritet som starta behandling. Sidan talet pasientar som startar behandling er rimeleg låg, kan ein få ein store variasjonar i ventetida frå månad til månad. I Helse Førde til dømes ligg talet som startar behandling innan TSB på rundt 10-15 kvar månad.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – TSB



3. Fristbrot og langtidsventande

Helseføretaka har arbeidd med å få ned talet på fristbrot heilt sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein to ulike mål på fristbrot.


Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot			
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa ha starta i perioden	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2015-okt	163	0,6 %	257	2,1 %
2015-nov	81	0,2 %	248	1,7 %
2015-des	82	0,2 %	131	0,9 %
2016-jan	135	0,4 %	154	0,9 %
2016-feb	134	0,4 %	167	1,0 %
2016-mar	192	0,5 %	154	1,0 %
2016-apr	179	0,5 %	325	1,8 %
2016-mai	139	0,4 %	276	1,6 %
2016-jun	127	0,3 %	287	1,6 %
2016-jul	229	0,6 %	174	1,7 %
2016-aug	168	0,5 %	285	1,9 %
2016-sep	148	0,4 %	242	1,4 %
2016-okt	265	0,6 %	289	1,8 %

I den månadlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar der helsehjelpa har starta i perioden som skal rapporterast. Figuren under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak. Nær 60

prosent av fristbrota for behandla i oktober fann stad ved Helse Stavanger, medan Helse Førde sin del utgjorde om lag 2 prosent (av dei 289 fristbrota). Det var 265 pasientar med fristbrot som venta ved utgangen av perioden. 68 prosent av desse ventar i Helse Stavanger. Legestreiken ved Helse Stavanger har påverka fristbrott tala.


Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



Biletet under syner dei fem fagområda med høgast tal ventande med fristbrot per utgangen av oktober 2016, samt kva helseføretak desse pasientane ventar ved. Samla utgjorde desse fem fagområda 62 % av alle ventande med fristbrot. Barnesjukdommar er det fagområdet som hadde flest fristbrot for ventande ved utgangen av månaden, og utgjør åleine om lag 19 % av alle ventande pasientar med fristbrot i regionen. Helse Vest har utarbeidd eit verktøy som skal hjelpe helseføretaka med å få til betre planlegging av aktiviteten, og gjennom det redusera talet på fristbrot.


Streiken i Helse Stavanger har medført at fleire avdelingar har tydeleg auke i fristbrot. Dette gjeld spesielt kvinneklinikken, medisinsk gastro og ortopedi. Barneklinikken har ikkje vore påverka streiken, men har framleis mange fristbrot. Det å komme ajour og unngå fristbrot har etter streiken eit spesielt fokus i dei aktuelle avdelingane og i leiinga..

Fagområde med høgst tal ventande med fristbrot



I Helse Vest har det i lang tid og vore fokus på å redusere talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak. Samla har talet langtidsventande gått ned gjennom heile perioden frå hausten 2010 og fram til mars 2015. Det samla talet steig svakt i vår, men talet har gått noko ned i sommar og utover hausten. Dei langtidsventande er i all hovudsak pasientar utan prioritet (86 %). I september 2010 var det samla talet langtidsventande (1 år eller meir) nær 1900, medan talet per oktober 2016 var 311. Talet langtidsventande steig frå september til oktober, og særleg då i Helse Stavanger, noko som og mest sannsynleg skuldast streiken


Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



4. Korridorpatientar og epikrisetid

Figurane under viser utviklinga i bruk av korridor plassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak. Tiltaka frå det regionale prosjektet som skulle sjå på korleis ein kunne sikre lik og einskapleg registreringspraksis i helseføretaka, har gitt gode resultat, men ein er fortsatt ikkje heilt i mål. Målet om at det ikkje skal vera korridorpatientar står ved lag.

Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan somatikk




Bruken av korridor plassar har historisk sett hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Frå ein samla topp i februar 2013 har utviklinga i hovudsak peika rett veg innan somatikken.

I Helse Bergen har det vore ein markant nedgang i talet korridorpatientar i 2016. Frå hausten 2014 har det vore eit eige prosjekt i Helse Stavanger for å få ned og fjerne pasientar frå korridorane. Som eit ledd i dette arbeidet er det i løpet av det siste året sett i gang ei rekke tiltak i Helse Stavanger for å effektivisere pasientforløp og -flyt blant anna ved betre kapasitet og kompetanse i akuttinntak, "tavlemøter" på sengepost for å sikre gode og raske avgjersle og auka kapasitet innan radiologi. Opning av diagnostisk senter i januar 2016 har og gitt auka sengekapasitet.


I oktober 2015 var det samla gjennomsnittlege talet korridorpatientar per dag på det lågaste nivået som var registrert sidan Helse Vest starta med månedleg rapportering i oktober 2010. I oktober 2016 var talet korridorpatientar framleis godt under dette lågaste nivået frå oktober 2015.

Talet på korridorpatientar innan psykisk helsevern har vore lågt dei siste månedane både i Helse Stavanger og Helse Bergen, medan Helse Fonna og Helse Førde historisk sett ikkje har hatt utfordringar knytt til korridorpatientar innan psykisk helsevern.


Gjennomsnittlig tal korridorpatientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar. I oktober 2016 blei 82 % av epikrisane både innan somatikken og innan psykisk helsevern sendt ut innan fristen. Innan psykisk helsevern låg Helse Førde HF høgast med 97 %, medan Helse Stavanger låg lågast med 68 %.




Helse Førde HF hadde og den høgaste prosentdelen innan somatikken (93 %), medan Helse Fonna låg lågast med 74 %. Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan somatikk dei siste 15 månadene.



I Helse Stavanger og Helse Fonna er det framleis ganske stor variasjon i måloppnåing mellom dei forskjellige einingane. Talegjennomføring fungerer fortsatt ikkje optimalt og svært mange legar skriv sjølv. Målsettinga er at dei fleste pasientar skal få "epikrisa i handa" når dei blir skrivne ut frå sjukehuset. Mange avdelingar greier dette for dei aller fleste pasientane og desse avdelingane blir nytta for å inspirere andre og for læring på tvers.

5. Medarbeidarar

Føretaksgruppe Helse Vest – Sjukefråvær




Måltallet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Per oktober 2016 var det samla sjukefråværet på 6,7 % og sjukemeldt fråvær på 5,6 %.

Per oktober 2015 var det samla sjukefråværet på 7,0 % og sjukemeldt fråvær på 5,7 %. Samla sjukefråvær er 0,3 % lågare for oktober 2016 enn for oktober 2015. Per oktober 2016 hadde 62,34 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 63,62 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det er ein auke med 14 brutto månadsverk frå september 2016 til oktober 2016 totalt for føretaksgruppa. Netto månadsverk har hatt ein auke med 108 månadsverk i same periode. Auke i netto månadsverk er ein ønska utvikling. Dersom sjukefråværet går ned vil netto månadsverk auka sjølv om brutto månadsverk er likt.


Samanlikna med oktober 2015 har det vore ein auke med 174 brutto månadsverk og ein auke med 193 netto månadsverk for føretaksgruppa.

Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest. Tabellen viser akkumulert.

Helseføretaka i Helse Vest	201510	201610	Endring 2015-2016	% endring frå 2015-2016	% endring frå 2014-2015
Meirarbeid i kroner	267 501 427	271 823 264	4 321 838	2 %	9 %
Overtid i kroner	385 497 420	392 255 426	6 758 006	2 %	8 %
Meirarbeid i timar	1 299 330	1 295 511	-3 820	0 %	2 %
Overtid i timar	779 848	776 904	-2 944	0 %	4 %
Brutto månadsverk	206 778	209 631	2 852	1 %	3 %

For føretaksgruppa samla hittil i år per oktober 2016 har det vore ein vekst med 2 852 brutto månadsverk, tilsvarande ein auke på 1,4 % samanlikna med same periode 2015. Det har vore eit forbruk i bruk av variabel lønn på 664 078 690 kroner i føretaksgruppa Helse Vest per oktober 2016. For 2015 var det ein betydeleg vekst og når veksten i 2016 held fram, sjølv på eit lågare nivå enn i 2015, er det heilt avgjerande at føretaka føl dette nøye. Både i forhold til belastninga for den enkelte og for å ha ein god balanse mellom lønnselementa.

Bruk av variabel lønn per oktober 2016 i føretaksgruppa Helse Vest utgjør 5,75 % av lønn før avgifter. Per oktober 2015 var bruk av variabel lønn i føretaksgruppa 6,13 % av lønn før avgifter.



Det er store sesongmessige svingingar, men profilen viser ein auke med 8 % variabel lønn frå same periode i 2012 til oktober 2016, for føretaksgruppa samla.

Føretaksgruppa Helse Vest – Heiltid


Sidan desember 2010 har 6 139 medarbeidarar fått høgare stillingsprosent i Helse Vest. Samanlikna med desember 2010 har 4 021 fleire medarbeidarar fått 100 % stilling og 2 118 har fått høgare stillingsprosent.

Målkravet til korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent var sett til 89,30 % per mai 2011. Ved utgangen av oktober 2016 er den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten 89,48 %. Føretaksgruppa Helse Vest har nådd målkravet som vart sett i mai 2011.

Det er også andre indikatorar som skal understøtte utvikling av ein heiltidskultur som er ein del av strategi for heiltid for føretaksgruppa Helse Vest. Helseføretaka skal i størst mogleg grad tilby heile faste stillingar. Tilbod om trainee stillingar for nyutdanna, tilsetting i bemanningssenter, kombinasjon av tilsetting i ein bestemt avdeling og ved bemanningssenter.


	Stillingsstørrelse											
	0 %	0,1 % - 9,9 %	10 % - 19,9 %	20 % - 29,9 %	30 % - 39,9 %	40 % - 49,9 %	50 % - 59,9 %	60 % - 69,9 %	70 % - 79,9 %	80 % - 89,9 %	90 % - 99,9 %	100 %
desember 2010	568	24	283	378	127	242	1 699	625	1 677	1 787	480	10 197
oktober 2016	109	27	537	375	104	207	1 112	490	1 329	1 518	482	14 218
Endring i tal frå des 2010 til oktober 2016	-459	3	254	-3	-23	-35	-587	-135	-348	-269	2	4 021
Endring i prosent	-80,8 %	12,5 %	89,8 %	-0,8 %	-18,1 %	-14,5 %	-34,5 %	-21,6 %	-20,8 %	-15,1 %	0,4 %	39,4 %

Tiltaka som skal bidra til vekst i tal fast tilsette gir resultat:



Helse Stavanger


Sjukefråvær



62,07 % av einingane i Helse Stavanger HF hadde eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2016. 62,93 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for oktober 2016.

Helse Stavanger har 0,1 % høgare samla sjukefråvær samanlikna med same månad 2015. Sjukemeldt sjukefråvær er 0,2 % høgare enn for same månad 2015.

Månadsverk




Oppfølging av variable timar hittil i år i Helse Stavanger. Tabellen viser akkumulert.

Helse Stavanger HF	201510	201610	Endring 2015-2016	% endring frå 2015-2016	% endring frå 2014-2015
Meirarbeid i kroner	102 674 168	98 264 167	-4 410 001	-4 %	8 %
Overtid i kroner	119 126 852	116 732 440	-2 394 412	-2 %	4 %
Meirarbeid i timar	525 255	509 461	-15 794	-3 %	8 %
Overtid i timar	240 051	229 228	-10 823	-5 %	0 %
Brutto månadsverk	57 595	58 611	1 017	2 %	4 %


For Helse Stavanger per oktober 2016 har det vore ein vekst med 1 017 brutto månadsverk, tilsvarende ein auke på 1,8 %, samanlikna med same periode 2015. Det har vore eit forbruk i bruk av variabel lønn på 214 996 608 kroner i Helse Stavanger per oktober 2016.

Variabel lønn for oktober 2016 utgjør 6,72 % av lønn før avgifter. Per oktober 2015 utgjorde variabel lønn 7,47 % av lønn før avgifter.



Helse Fonna


Sjukefråvær



61,80 % av einingane i Helse Fonna HF hadde eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2016. 61,42 % av einingane hadde eit sjukemeldt frávær under 4,5 % for oktober 2016.

Helse Fonna har 0,1 % høgare samla sjukefråvær samanlikna med same månad 2015. Sjukemeldt sjukefråvær er 0,2 % høgare enn for oktober 2015. Sjukefråværet i Helse Fonna har stort sett vore høgare i 2016 enn i 2015.

Månadsverk




Oppfølging av variable timar hittil i år i Helse Fonna. Tabellen viser akkumulert.

Helse Fonna HF	201510	201610	Endring 2015-2016	% endring frå 2015-2016	% endring frå 2014-2015
Meirarbeid i kroner	64 868 273	65 906 475	1 038 203	2 %	20 %
Overtid i kroner	62 239 526	65 847 357	3 607 831	6 %	5 %
Meirarbeid i timar	278 681	285 812	7 131	3 %	9 %
Overtid i timar	123 858	127 661	3 803	3 %	0 %
Brutto månadsverk	28 822	29 221	400	1 %	2 %


For Helse Fonna per oktober 2016 har det vore ein vekst med 400 brutto månadsverk, tilsvarande ein auke på 1,4 %, samanlikna med same periode 2015. Det har vore eit forbruk i bruk av variabel lønn på 131 753 833 kroner i Helse Fonna per oktober 2016.

Variabel lønn for oktober 2016 utgjør 8,30 % av lønn før avgifter. Per oktober 2015 utgjorde variabel lønn 8,62 % av lønn før avgifter.



Helse Bergen


Sjukefråvær



58,69 % av einingane i Helse Bergen HF hadde eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2016. 61,52 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per oktober 2016.

Helse Bergen har 0,5 % lågare samla sjukefråvær samanlikna med same månad 2015. Sjukemeldt sjukefråvær er og 0,4 % lågare enn for oktober 2015. Det er gledenleg å sjå at sjukefråværet har ein så god utvikling over tid i Helse Bergen.

Månadsverk




Oppfølging av variable timar hittil i år i Helse Bergen. Tabellen viser akkumulert.

Helse Bergen HF	201510	201610	Endring 2015-2016	% endring frå 2015-2016	% endring frå 2014-2015
Meirarbeid i kroner	74 503 884	80 333 077	5 829 193	8 %	6 %
Overtid i kroner	145 361 481	146 797 155	1 435 674	1 %	13 %
Meirarbeid i timar	363 123	365 765	2 642	1 %	-6 %
Overtid i timar	288 090	289 073	983	0 %	9 %
Brutto månadsverk	97 649	98 833	1 183	1 %	4 %

For Helse Bergen per oktober 2016 har det vore ein vekst med 1 183 brutto månadsverk, tilsvarande ein auke på 1,2 %, samanlikna med same periode 2015. Det har vore eit forbruk i bruk av variabel lønn på 227 130 232 kroner i Helse Bergen per oktober 2016.


Variabel lønn for oktober 2016 utgjør 4,13 % av lønn før avgifter. Per oktober 2015 utgjorde variabel lønn 4,35 % av lønn før avgifter.



Som vi ser i grafen ovanfor har Bergen stabilisert seg, og i 2016 har utviklinga gått ned.

Helse Førde


Sjukefråvær



70,17 % av einingane i Helse Førde HF hadde eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2016. 70,17 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for oktober 2016.

Helse Førde har 0,5 % lågare samla sjukefråvær samanlikna med same månad i 2015. Sjukemeldt sjukefråvær er 0,6 % lågare enn for oktober 2015. Det er gledeleg å sjå den gode utviklinga av sjukefråvær i Helse Førde. Helse Førde nærmar seg måltala for både samla- og sjukemeldt fråvær.

Månadsverk




Oppfølging av variable timar hittil i år i Helse Førde. Tabellen viser akkumulert.

Helse Førde HF	201510	201610	Endring 2015-2016	% endring frå 2015-2016	% endring frå 2014-2015
Meirarbeid i kroner	25 455 102	27 333 318	1 878 216	7 %	-1 %
Overtid i kroner	58 769 561	62 879 919	4 110 358	7 %	10 %
Meirarbeid i timar	132 271	134 523	2 252	2 %	-6 %
Overtid i timar	127 849	130 943	3 094	2 %	6 %
Brutto månadsverk	22 713	22 970	257	1 %	1 %


For Helse Førde per oktober 2016 har det vore ein vekst med 257 brutto månadsverk, tilsvarende ein auke på 1,1 % samanlikna med same periode 2015. Det har vore eit forbruk i bruk av variabel lønn på 90 213 237 kroner i Helse Førde per oktober 2016.

Variabel lønn for oktober 2016 utgjør 6,77 % av lønn før avgifter. Per oktober 2015 utgjorde variabel lønn 7,70 % av lønn før avgifter.



Sjukehusapoteka Vest


Sjukefrávær



68,97 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF hadde eit totalt sjukefrávær under 5,5 % for oktober 2016. 68,97 % av einingane hadde eit sjukemeldt frávær under 4,5 % for oktober 2016.

Sjukehusapoteka Vest har 3,8 % lågare samla sjukefrávær samanlikna med same månad 2015. Sjukemeldt sjukefrávær i 2016 er 2,8 % lågare enn for oktober 2015. Sjukehusapoteka Vest har per oktober nådd begge målkrava for både samla- og sjukemeldt frávær. Dette er ein særdeles gledeleg utvikling.

Månadsverk




Oppfølging av variable timar hittil i år i Sjukehusapoteka Vest. Tabellen viser akkumulert.

Sjukehusapoteka Vest HF	201510	201610	Endring 2015-2016	% endring frå 2015-2016	% endring frå 2014-2015
Meirarbeid i kroner	-2 724	-152 030	-149 305	5480 %	-2 %
Overtid i kroner	1 244 652	1 150 936	-93 715	-8 %	-22 %
Meirarbeid i timar	4 185	4 028	-157	-4 %	-33 %
Overtid i timar	3 024	2 747	-276	-9 %	-27 %
Brutto månadsverk	2 083	2 125	42	2 %	-4 %


For Sjukehusapoteka Vest per oktober 2016 har det vore ein vekst med 42 brutto månadsverk, tilsvarande ein auke på 2 % samanlikna med same periode 2015. Det har vore eit forbruk i bruk av variabel lønn på 998 907 kroner i Sjukehusapoteka Vest per oktober 2016.

Variabel lønn for oktober 2016 utgjør 0,66 % av lønn før avgifter. Per oktober 2015 utgjorde variabel lønn 0,87 % av lønn før avgifter.



Helse Vest IKT


Sjukefråvær



69,70 % av einingane i Helse Vest IKT AS hadde eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2016. 72,73 % av einingane hadde eit sjukemeldt frávær under 4,5 % for oktober 2016.

Samla sjukefråvær har gått opp med 1,2 % samanlikna med same månad 2015. Sjukemeldt sjukefråvær er 1,1 % høgare enn for oktober 2015. Helse Vest IKT ligg likevel for okt 2016 langt under målsettingane for føretaksgruppa.

Månadsverk




Oppfølging av variable timar hittil i år i Helse Vest IKT. Tabellen viser akkumulert.

Helse Vest IKT AS	201510	201610	Endring 2015-2016	% endring frå 2015-2016	% endring frå 2014-2015
Meirarbeid i kroner	-282 565	-628 773	-346 209	123 %	-311 %
Overtid i kroner	6 098 729	5 513 346	-585 384	-10 %	-13 %
Meirarbeid i timar	3 135	899	-2 236	-71 %	-44 %
Overtid i timar	12 965	11 384	-1 581	-12 %	-15 %
Brutto månadsverk	4 030	4 382	352	9 %	15 %

For Helse Vest IKT per oktober 2016 har det vore ein vekst med 352 brutto månadsverk, tilsvarende ein auke på 8,7 % samanlikna med same periode 2015. Det har vore eit forbruk i bruk av variabel lønn på 4 884 572 kroner i Helse Vest IKT per oktober 2016.

Variabel lønn for oktober 2016 utgjør 2,76 % av lønn før avgifter. Per oktober 2015 utgjorde variabel lønn 1,83 % av lønn før avgifter.




6. Økonomi

	Oktober			Hittil pr. Oktober		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	-774	939	-1 713	12 857	11 301	1 556
Helse Bergen HF	16 564	8 067	8 496	166 515	175 831	-9 316
Helse Fonna HF	2 657	3 339	-682	25 952	33 456	-7 504
Helse Førde HF	-5 128	583	-5 712	-13 372	5 833	-19 205
Helse Stavanger HF	746	6 667	-5 921	3 627	66 667	-63 039
Reservar/fellestenester/finans	-13 965	13 876	-27 841	370 164	198 302	171 862
Administrasjon morselskap	-781	-731	-51	15 232	2 719	12 514
Helse Vest IKT AS	1 192	1 306	-114	11 688	3 379	8 308
Helse Vest Innkjøp HF	144	0	144	8 751	0	8 750
Til saman	655	34 046	-33 391	601 414	497 488	103 926

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i oktober er kr 0,7 mill. som er kr 33,4 mill. lågare enn budsjetttert. Akkumulert resultat er kr 601,4 mill. som er kr 103,9 mill. betre enn budsjetttert.

Helse Stavanger



Alle tall i heile tusen

Føretaket har eit positivt resultat i oktober på kr 0,7 mill. som er kr 5,9 mill. lågare enn budsjetttert. I oktober er ISF-inntektene kr 12,5 mill. lågare enn budsjetttert. Inntektssvikten er størst hos nevrosenteret, ortopedisk avdeling og plast-kirurgisk avdeling. Avviket skuldast i hovudsak legestreiken. Lønnskostnadar ekskl. innleige er om lag som budsjetttert. Meirforbruket på overtid og ekstrahjelp blir motsvara av positivt avvik på fast lønn, kor deler av det positive avviket er knytt til streiken, samt refusjonar og annan lønn.


Avviket på andre driftskostnadar i oktober er spreidd på fleire divisjonar/klinikkar og gjeld i hovudsak dyrt vedlikehald og reperasjonar på MTU-utstyr. Reduserte varekostnadar er blant anna knytt til redusert aktivitet som følgjer av streiken. Divisjonen/klinikkane med dei største

utfordringane i oktober er ortopedi, plast-kirurgi og hud klinikken, medisinsk service og kvinne-barnedivisjonen. Divisjonane med dei største positive budsjettavvika er intern service og psykiatrisk divisjon.

Akkumulert resultat er kr 3,6 mill. som er kr 63 mill. lågare enn budsjettert. Av dette avviket er kostnader knytt til smittesituasjonen på nyfødt intensiven på kr 10,6 mill. hittil for heile føretaket. I tillegg har også streiken bidratt til eit auka avvik. Hittil er utfordringa fordelt mellom ISF-inntekter, medikamentkostnader, andre driftskostnader og lønn på enkelte klinikkar. Korrigert for sysselsettingsmidlane er sum driftsinntekter kr 29,5 mill. lågare enn budsjettert og sum driftskostnader er kr 43,6 mill. høgare enn budsjettert. Bemanningskostnadane utgjer kr 18,4 mill. av avviket på driftskostnader.

Divisjonane/klinikkane med størst utfordring hittil i 2016 er kvinne- og barnedivisjonen, medisinsk klinikk samt mottaksklinikken. Dei har hatt lågare aktivitet og derfor lågare inntekter enn lagt til grunn i budsjettet, samtidig som dei ikkje har klart å redusere kostnadane tilsvarende. Avviket på inntekter skuldast lågare døgnaktivitet enn budsjettert samt nedgang i DRG-indeks. Lågare gjestepasientkostnader ut av regionene har også generert lågare ISF-inntekter. Veksten i medikamentkostnader ligg i hovudsak på kostnadskrevjande legemiddel og behandlingshjelpemiddel. Avviket på andre driftskostnader er spreidd på fleire divisjonar/klinikkar og gjeld blant anna kostnader knytt til IKT og telefoni, eksterne tenester, vedlikehald, reoperasjoner og pasienttransport.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

I oktober har føretaket eit positivt resultat på kr 2,7 mill. som er kr 0,7 mill. lågare enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 26 mill. som er kr 7,5 mill. lågare enn budsjettert.

Sum driftsinntekter etter ti måneder er kr 21,5 mill. høgare enn budsjetttert medan sum driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 32,5 mill. Bemanningskostnadane inkl. ekstern innleige utgjer kr 21,9 mill. av avviket. Avviket på bemanningskostnadane skuldast i hovudsak innleige frå byrå og overtid/ekstrahjelp. Avviket på varekostnader skuldast mellom anna legemidlar og andre medisinske forbruksvarer.

Helse Bergen



Alle tall i heile tusen

Føretaket har eit positivt resultat i oktober på kr 16,6 mill. som er kr 8,5 mill. betre enn budsjetttert. Akkumulert resultat er kr 166,5 mill. som er kr 9,3 mill. lågare enn budsjetttert.


Sum driftsinntekter er kr 52,8 mill. betre enn budsjetttert. Nær alle somatiske einingar hadde eit negativt aktivitetsavvik i oktober, med eit påfølgjande negativt avvik i ISF-inntekter. Dette er knytt til mellom anna streiken i haust, samt aktivitet som framleis ikkje er koda.

Aktivitetsavhengig inntekt hittil i år syner likevel eit positivt avvik som er knytt til høgare aktivitet enn budsjetttert tidlegare i år.

Sum driftskostnadar er kr 75,4 mill. høgare enn budsjetttert hittil i år. Det er eit positivt avvik på varekostnadar i oktober og dette samsvarar med lågare aktivitet enn budsjetttert. Hittil i år er det eit negativt avvik som hovudsak er knytt til medisinske forbruksvarer, implantat/stentar og laboratorierekvisita. Desse avvika skuldast høgare aktivitet enn budsjetttert, ujamne innkjøp samanlikna med budsjetttert innkjøp, samt knytt til positivt avvik på refusjonar og tilskot. Lønnskostnad og ekstern innleige viser samla eit positivt budsjettavvik per oktober på kr 46,5 mill. Avviket på andre driftskostnadar gjeld blant anna kjøp av konsulenttenester frå Helse Vest IKT, høgare energikostnadar og kostnadar knytt til pasientreiser. I tillegg er det noko av avviket som må sjåast i samband med

periodiseringsmessige forhold, samt positivt avvik på inntektssida på refusjonar og tilskot (forskning, sysselsettingsmidlar og andre tilskot).

Helse Førde



Alle tall i heile tusen

I oktober har føretaket eit negativt resultat på kr 5,1 mill. som er kr 5,7 mill. lågare enn budsjettert. Dei aktivitetsbaserte inntektene er lågare enn budsjettert. Inntektene er lågare hos alle dei somatiske områda (poliklinikk, dagbehandling og døgnopphald). Basisramme er justert i tråd med Helse Førde si betaling for overføring av Gulen. Dette er motsvara av lågare andre driftskostnader.

Akkumulert resultat er negativt med kr 13,4 mill. som er kr 19,2 mill. lågare enn budsjettert. Aktivitetsbaserte inntekter har vore lågare enn budsjettert og etter ti månader er sum driftsinntekter kr 36,1 mill. lågare enn budsjettert. Det har vore ein nedgang i tal innlagte pasientar og dagbehandlingar samanlikna med budsjett og førre år. Samstundes har det vore lågare kostnader til kjøp av tenester i andre regioner. Dei områda som særskilt har lågare inntekter er medisin, nevrologi, ortopedi og øyre, nase, hals.

Sum driftskostnader er kr 14,7 mill. lågare enn budsjettert og bemanningskostnadane inkludert ekstern innleige er om lag som budsjettert. Kostnadane til medikament har auka dei seinaste månadane. Bilete med låge kostnader til medikament som føretaket har hatt tidlegare i år, er i ferd med å endre seg. Vidare aukar kostnadane til implantatar, laboratorierekvisita og anna medisinsk forbruksmaterial meir enn venta. Innleige av naudsynt personell er litt høgare enn planlagt, dette gjeld særleg innleige av legar. Kostnadane til overtid og ekstrahjelp er og høgare enn venta.

Det positive avviket på andre driftskostnader skuldast i hovudsak lågare kostnader til Gulen og pasienttransport. I tillegg er det lågare kostnader på fleire andre postar. IKT-kostnadane er høgare enn venta.

Reservar/fellestenester/finans

Budsjettavviket i oktober er på kr 27,8 mill. Dette skuldast blant anna at vi har motteke endeleg avrekning for fylkesdeloppgjeret i 2015 som viste lågare inntekter og høgare kostnader enn det som var avsett. Vidare er inntekts- og kostnadsforventninga for 2016 justert i forhold til oppgjeret i 2015.

Akkumulert resultat etter ti månader er på kr 370,2 mill. som er kr 171,9 mill. betre enn budsjettert. Det positive avviket skuldast mellom anna lågare kjøp av tenester enn budsjettert, høgare renteinntekter og lågare kostnader til pasienterstatning enn budsjettert.

Administrasjonen

Akkumulert resultat etter ti månader er kr 15,2 mill. som er kr 12,5 mill. betre enn budsjettert.

Sjukehusapoteka Vest

Akkumulert resultat per oktober er kr 12,9 mill. som er kr 1,6 mill. betre enn budsjettert.

Inntektsida er kr 3,8 mill. svakare enn budsjettert og kostnadsida viser eit positivt budsjettavvik på kr 7,4 mill. Bemanningskostnadane er kr 7,8 mill. lågare enn budsjettert.

Helse Vest IKT

Akkumulert resultat etter ti månader er kr 11,7 mill. som er kr 8,3 mill. betre enn budsjettert. Bemanningskostnadane er kr 8,8 mill. lågare enn budsjettert.

Helse Vest Innkjøp

Akkumulert resultat per oktober er kr 8,8 mill. som er kr 8,8 mill. betre enn budsjettert etter ti månader. Finansieringsmodellen er lagt opp slik at eit eventuelt positivt resultat vil bli tilbakeført helseføretaka.

6.1 Prognose

	Heile året		Budsjett avvik
	Prognose	Budsjett	
Sjukehusapoteka Vest HF	14 000	14 000	0
Helse Bergen HF	170 000	170 000	0
Helse Fonna HF	30 000	40 000	-10 000
Helse Førde HF	0	7 000	-7 000
Helse Stavanger HF	30 000	80 000	-50 000
Reservar/fellestenester/finans	384 000	0	384 000
Administrasjon morselskap	0	0	0
Helse Vest IKT as	5 000	1 000	4 000
Helse Vest Innkjøp HF	0	0	0
Til saman	633 000	312 000	321 000

Alle tall i heile tusen

Prognosen for RHF-et er justert ned og viser eit resultat som er kr 384 mill. høgare enn budsjettert. Hovudårsaka til dette ligg i resultatutviklinga per oktober der mellom anna avrekning for fylkesdeloppgjeret i 2015 er ein årsak. I tillegg er det gjort vurdering knytt til budsjettpostar for dei kommande månadane både med tanke på det reelle kostnadsnivået og risiko knytt til forventa avrekningar på slutten av året.

Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Vest IKT opprettheld prognosen frå førre rapportering.

Helse Førde har justert opp prognosen og melder ei prognose på kr 0 som er kr 7 mill. lågare enn budsjettert. Føretaket melder at det i år er store årsoppgjerpostar og andre uavklarte postar som ein ventar at vil påverke det endelege resultatet positivt.

Helse Bergen, Sjukehusapoteka og Helse Vest Innkjøp melder ei prognose for året som er i tråd med budsjett.

6.2 Omstilling

Helse Vest RHF har i dialog med føretaka hovudfokus på å avdekke risiko og iverksetting av kompensierende tiltak. Helse Vest følgjer utviklinga fortløpande og vil be om rapportering på tiltaka dersom det skulle bli nødvendig.

Helse Stavanger har kontinuerleg fokus på P16 (prosjekt i 2016) både når det gjeld økonomi og kvalitet, og prosjekta har jamn framdrift. Effekten av P16 per oktober er kr 24,1 mill. Mål for tiltaka i 2016 er på kr 38 mill. I tillegg har føretaket satt i verk fleire omstillingstiltak som skal gi effekt utover hausten, dette gjeld mellom anna:

- Prioritert visitt – det er starta opp på to sengepostar, men vil utvidast til å gjelde fleire sengepostar utover hausten. Vil ha effekt på utskriving av pasientar og tal korridorpatientar.

- Gjennomfører daglege kapasitetsmøter (fordeling av pleiepersonell for døgnet) – inkluderer kirurgi, kardio og MOBA. Disse møta har god effekt og bidreg til fleksibel bruk av personell og flytting av personell på tvers av avdelingane ut frå behov (ift. m.a. belegg og fråvær)
- Utsett vinteropning av infeksjonssengene med effekt november.
- Sengefordelingsprosjektet som skal redusere/endre sengefordeling mellom ulike pasientforløp i somatikk har starta opp, men er forsinka som følgje av streiken.

Helse Førde har vidareført aktivitetsnivået frå i fjor i budsjetta men dette har ikkje slått til. Føretaket har ikkje funne noko tydeleg endring i pasientsamansetninga men viser mellom anna til at KAD sengene og kortare ventetid til poliklinikk påverkar behovet for å bli lagt inn. Føretaket er i ein prosess med å innrette verksemda mot eit framtidig resultatnivå som sikrar tilstrekkeleg grunnlag for å handtere investeringsplanen. Det er viktig at føretaket tar nødvendige grep for å tilpasse verksemda i tråd med gjeldande aktivitetsnivå.

6.3 Investering

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2016 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak 006/16 Konsernbudsjett 2016 i styremøtet 10. februar 2016. Samla investeringsbudsjett er fastsett til kr 1,7 mrd. I tabellane under er det vist status på investeringar per oktober samt estimat for året.

Investeringar 2016				
Føretaksgruppa samla	Oktober	Resten av året	Estimat 2016	Budsjett 2016
Bygg	803 886	134 727	938 613	873 630
MTU	166 135	80 967	247 102	397 000
IKT	246 863	15 537	262 400	262 200
Anna	108 835	64 895	173 730	162 910
SUM	1 325 719	296 126	1 621 845	1 695 740

Alle tall i heile tusen

Samla investeringar per oktober er på kr 1,326 mrd. Dette utgjer om lag 78,2 % av budsjettert investeringsnivå i 2016.

Investeringar 2016				
Helse Stavanger	Oktober	Resten av året	Estimat 2016	Budsjett 2016
Nytt sjukehus	45 850	40 480	86 330	86 330
Øvrig bygg	51 109	13 891	65 000	185 800
Sum bygg	96 959	54 371	151 330	272 130
MTU	42 648	27 352	70 000	186 000
Anna	8 825	4 175	13 000	5 200
Sum Stavanger	148 432	85 898	234 330	463 330

Alle tall i heile tusen

Investeringar per oktober utgjer om lag 32 % av budsjettert investeringsnivå for 2016. Estimaten for året ligg under budsjett. Dette skuldast i hovudsak at etterslepet av investeringsplanar frå 2015 har tatt meir kapasitet enn venta, dette gjeld i hovudsak ombygging til PET-senter.

Investeringar 2016				
Helse Fonna	Oktober	Resten av året	Estimat 2016	Budsjett 2016
Bygg	44 279	19 721	64 000	50 000
MTU	23 265	6 735	30 000	30 000
Anna	8 627	1 373	10 000	10 000
Sum Fonna	76 171	27 829	104 000	90 000

Alle tall i heile tusen

Investeringar per oktober utgjer om lag 84,6 % av budsjettert investeringsnivå i 2016. Estimaten for året ligg over budsjett og skuldast etterslep frå 2015.

Investeringar 2016				
Helse Bergen	Oktober	Resten av året	Estimat 2016	Budsjett 2016
Bus 1	305 072	12 928	318 000	269 000
Bus 2	87 357	9 643	97 000	40 000
Marie Joys' hus	44 184	-1 534	42 650	32 259
Mottaksklinikk	105 330	4 670	110 000	50 300
Øvrig bygg	46 767	10 366	57 133	66 441
Sum bygg	588 710	36 073	624 783	458 000
MTU	83 208	35 894	119 102	157 000
Anna	79 349	35 671	115 020	112 000
Sum Bergen	751 267	107 638	858 905	727 000

Alle tall i heile tusen

Investeringar per oktober utgjer om lag 103,3 % av budsjettert investeringsnivå i 2016. Estimaten for året ligg over vedtatt budsjett. Prosjekta Bus 1 og 2 har større framdrift enn det som var venta når budsjettet for 2016 vart vedtatt. Det er venta at prosjekta held seg innanfor den totale budsjetttramma. Meirforbruket i 2016 vil salderast mot den totale budsjetttramma til prosjekta.

Prosjektet Marie Joy's hus har eit negativt beløp resten av året som følgje av at det vil skje omposteringar mellom prosjekta ved slutten av året.

For prosjektet Mottaksklinikk er kostnadsbilete utfordrande på grunn av forseinkingar og fleire ytre forhold. Prosjektet er venta å ha eit meirforbruk ut over den totale budsjetttramma. Meirforbruket til prosjektet vil bli justert mot andre investeringsprosjekt i 2017.

Investeringar 2016				
Helse Førde	Oktober	Resten av året	Estimat 2016	Budsjett 2016
Bygg Aust	60 134	14 866	75 000	70 000
Øvrig bygg	13 804	9 696	23 500	23 500
Sum bygg	73 938	24 562	98 500	93 500
MTU	17 014	10 986	28 000	24 000
IKT	1 363	1 037	2 400	2 200
Anna	6 452	3 148	9 600	9 600
Sum Førde	98 767	39 733	138 500	129 300

Alle tall i heile tusen

Investeringar per oktober utgjer om lag 76,4 % av budsjettert investeringsnivå i 2016. Estimaten ligg noko over vedtatt budsjett og skuldast etterslep frå 2015.

Investeringar 2016				
	Oktober	Resten av året	Estimat 2016	Budsjett 2016
Sum Sjukehusapoteka	5 582	20 528	26 110	26 110

Alle tall i heile tusen

Investeringar per oktober utgjer 21,4 % av budsjettert investeringsnivå i 2016. Estimaten for året ligg på same nivå som budsjett.


Investeringar 2016				
	Oktober	Resten av året	Estimat 2016	Budsjett 2016
Sum Helse Vest IKT	245 500	14 500	260 000	260 000

Alle tall i heile tusen

Investeringar per oktober utgjer 94,4 % av budsjettert investeringsnivå i 2016. Estimaten ligg på same nivå som budsjett.

6.4 Likviditet

Netto likviditet er ved utgangen av oktober på kr 2,5 mrd. Grafen under viser forventna utvikling i netto likviditet (innskott minus bruk av driftskreditt) gjennom året 2016.



Alle tall i heile millionar. Eksklusiv skattetrekk og bundne midlar

Driftskredittramma var ved starten på året kr 1 171 mill. I føretaksmøtet i januar blei dette vedtatt sett ned med kr 826 mill. til kr. 345 mill. ved utgangen av året. I revidert nasjonalbudsjett blei det gjort eit trekk i ramma til dei regionale helseføretaka som følgje av redusert pensjonskostnad. Samla reduksjon i pensjonskostnad utgjer kr 4,550 mrd. og for Helse Vest utgjer dette kr 864 mill. i redusert basisramme. Det er venta at samla pensjonspremien som følgje av reduserte lønnsvekstføresetnader vil bli sett ned med kr 500 mill. Krav til nedbetaling av driftskreditten til dei regionale helseføretaka blei dermed sett ned til kr 4,050 mrd. Føretaksmøtet har den 22/6-16 auka driftskreditten til Helse Vest med kr 770 mill. frå kr 345 mill. til kr 1 115 mill.

Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande. Helse Vest følgjer opp likviditetssituasjonen fortløpande og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.